

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 15.01.2019

Dessemøtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Sigurd Totland og Aksel Lygre.

Sak 01 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 11.12.18.

Møtebok godkjend utan merknader.

Sak 02 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

- Medarbeidarfest 24.01.2019 i Håvik bedehus. Oppdatering og siste avtalar.
- Invitasjon til tur til Estland sommaren 2019. Soknerådsmedlemmene vert oppfordra å melde seg på. Soknerådet går inn for å sponse delar av reiseutgiftene til dei som vil reise.
- Oppmerking av parkeringsplass. Fellesrådet syter for at dette vert gjort.
- Lysekroner: Fellesrådet har fått Gullsmio til å ta oppdraget. Kyrkjeverja gjer dei naudsynte avtalene.
- Val av nytt sokneråd: Valkurs 22.01.19, PR i avisa, vegen vidare.

Sak 03 – 2019 Samling med lokalt tilsette 19.februar kl.18:00 – 20:00.

SR 20:00 – 21:30. Saka utsett frå førre til noverande soknerådsmøte 15.01.19.

Samling med lokalt tilsette vart utsett til 19.02.19. Forslag til program:

Andakt ved Aksel. Servering som førre gang. Samtale: Me sjekkar evaluering frå i fjor, - korleis er dette fylgt opp? Deretter evaluering og nye tiltak.

Sak 04 – 2018 Årsmeldinga for 2018.

Årsmeldinga vart gjennomgått. Små korrigeringar og rettingar vart gjort. Forslag til delvis ny tekst og nye bilete blir sendt før helga. Me ventar framleis på bileta. Siste endringar i tekst må gjerast på soknerådsmøte 19. februar.

Avtale om program og oppgåvefordeling til årsmøtet vart gjort.

Årsmøtet vert utsett til 28. mars.

Sak 05 – 2019 Evaluering av arrangement i desember

- Lysmesse: Soknerådet registrerer at mange av dei som til vanleg går til gudsteneste, ikkje kjem på lysmessa. Det er fint om så mange som mogleg sluttar opp om lysmessa som konfirmantane våre deltek i. Kanskje ein kan involvere fleire i lysmessa.
- Konsert: Ynskje om eit barnekor/prosjektkor/danse-innslag
- Julaftan: Ynskje om å få laga ei julekrybbe som kan vere i kyrkja.
- 1.juledag: Soknerådet ynskjer at denne gudstenesta vert kl. 12.00

Sak 06 – 2019 Arbeidsgruppe for gudstenesta

Vedtak: For å gripa fatt i punktet om auka involvering, deltaking og frammøte i gudstenesta, særleg frå ungdom, bed soknerådet om at kontor og sokneprest opprettar ei permanent arbeidsgruppe/gudstenesteteam, der minst halvparten av gruppa består av ungdom under 25 år. Gruppa arbeidar med å involvera ungdom i gudstenesta, gje rom, jamleg for musikalske uttrykk for og med ungdom og

forkynning for og med ungdom. Ein representant vert oppnemnd av soknerådet.

Sak 07 – 2019 Referat og meldingar

- Temakveldar våren 2019: Kveldane er planlagde.
- Nyttårssamling med prosten i Nysæter kyrkje
- Takk for utbetring av inngangsparti kjem i avisa.
- Giroinnsamlinga. God respons. Neste giroinnsamling bør leggjast til slutten av september.
- Orgelkomité. Mona orienterte.
- Forteneste sal av heller er overført til orgel-konto
- Mona orienterte også om arbeidet til tekstilkomiteen
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre
- Leiarkurs er oppstarta. Fin oppstart.

Sak 08 – 2019 Kyrkjevertliste

- Me hadde ein gjennomgang, og me vil halde fram med kyrkjevertlista som før.

Sak 09 – 2019 Konsert, Solveig Leithaug, 14 eller 15. mars 2019

- Moster sokneråd har ikkje kapasitet til å arrangere denne konserten.